

Føresette ved Ogna skule

Informasjon juni 2016

Personalsituasjonen skuleåret 2016/2017

Her er ei oversikt over kontaktlærarane til hausten:

1. trinn: Tone Gundersen Haugen og Mai Lise Haga
2. trinn: Oddrun Aksnes og Margrete Kverneland Herredsvela
3. trinn: Anne-Mari Turøy Sirevåg og Liv Blindheim
4. trinn: Liv Lende Olsen og Ingeborg Salte (ny)
5. trinn: Asgeir Lie og Anne-Mette Silseth (ny)
6. trinn: Arild Skretting og Janne Beth Lygren
7. trinn: Oddvar Hausken og Lars Bruhaug (ny)
8. trinn: Kari Ueland og Inger Varhaug
9. trinn: Jorunn Rugland Høidahl og Jon Petter Nordbø
10. trinn: Synnøve Romsdal og Livar Mellemstrand

Desse er timelærarar på ulike trinn:

- Baste Sudmann, Håvard Oltedal og Eduardo Ramos på ungdomssteget
- Linn Wanda Kvalbein, Roy Otto Vold og Kristina Nyberg på barnesteget

I tillegg er Vibeke Nygård Apneseth tilsett som sekretær og miljøterapeut Heidi Ånestad vikar for Marianne Særheim neste skuleår.

Nye Ogna skule

Opparbeiding av skuletomta er snart ferdig. Kontrakt med totalentreprenør skal skrivast i løpet av sommaren. Elles held brukargruppa og arkitektane på med inventarprosjekt for skulen. Me er framleis i rute når det gjeld framdriftsplan.

Auka timetal i naturfag frå skuleåret 2016/2017

I førre infoskriv skreiv eg at timetalet i naturfag skal aukast med 1 time pr. veke på 5. – 7. trinn frå hausten 2016. Modellen for Ogna skule vert at elevane på 5.-7. trinn skal gå full dag 6 onsdagar i løpet av året. Dette vert dei 3 første onsdagane i haust og dei 3 siste onsdagane før sommaren 2017. Desse 6 halve onsdagane skal nyttast til uteskule i naturfag.

PC'ar til elevane i ungdomsskulen

Alle elevane på 8. trinn får eigne bærbar PC'ar av skulen som dei disponerer til dei går ut 10. trinn. Dette er ei ordning som har vore i eitt år. Det betyr at elevane på 8. og 9. trinn har eigne bærbar PC'ar når me startar opp i haust. Til hausten i 2017 vil alle elevane på ungdomssteget ha eigne PC'ar.

Oppstart neste skuleår

Første skuledag vert onsdag 17. august kl. 08:20 for alle elevane.

God sommar!

Med helsing

Helge Håland
Rektor